

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 21.05.2012
Sakhandsamar: **Åsmund Norheim**
Saka gjeld: **Landsverneplanen Helse (LVPH)**

Arkivsak
2008/98/
Styresak 061/12 B

Styremøte 06.06. 2012

Forslag til vedtak

1. Styret tek saka til orientering.
2. Styret ber om at helseføretaka sine forvaltningsplanar for freda og verna eigedommar blir lagt fram for styret i Helse Vest RHF for endeleg godkjenning.

Oppsummering

Arbeidet med Landsverneplanen helse (LVPH), som har pågått sidan 2006, er nyleg avslutta ved at Riksantikvaren med bakgrunn i denne planen har vedtatt forskrift om freding i medhald av kulturminnelova. Fredingsforskrifta fastset kva for eigedommar fredinga omfattar og kva konsekvensar dette har for forvaltning, drift og vedlikehald av eigedommane. I tillegg til eigedommane som er freda ved forskrift, inneheld LVPH eigedommar som er verna i verneklasse 2 (bevaring) og som skal forvaltast og drivast innan same rammer som freda eigedommar. Helse Vest har i nasjonal samanheng eit relativt stort omfang eigedommar som er verna, og vernet er i hovudsak freding.

Ein konsekvens av vernet er at det skal utarbeidast og vedtakast forvaltningsplanar for alle verna eigedommar. Forvaltningsplanane skal innehalda ein fagleg forankra omtale av korleis verna eigedommar skal forvaltast, driftast og vedlikehaldast for å ta vare på verneverdiane og kva for planar som eventuelt føreligg for framtidig utvikling av eigedommane. Det er stilt krav om at helseføretaka knyter til seg kulturminnekompetanse i dette arbeidet. Fredingsforskrifta stiller krav om at forvaltningsplanane for freda eigedommar vert førelagte for Riksantikvaren, som er forvaltningsmyndigheit for desse eigedommane.

Det blir ofte ei utfordring korleis verna eigedommar på sikt kan nyttast på tenleg måte innan spesialisthelsetenesta. Helseføretaka har rolla og ansvaret for å forvalte dei verna eigedommane på ein god og framtidsretta måte og må ta dette innover seg, ikkje minst i arbeidet med den strategiske og langsiktige utviklinga av eigedommane. Det regionale helseføretaket har ansvar for å sjå til at dette blir følgt opp.

Med bakgrunn i den strategiske og framtidsretta delen av forvaltaransvaret for verna eigedommar, samt det forhold at omfattande verneoppgåver i gitte situasjonar kan medføre særlege budsjettmessige konsekvensar for helseføretaket, tilrår administrerande direktør at forvaltningsplanane blir førelagde for styret i Helse Vest RHF for endeleg godkjenning.

Fakta

Arbeidet med Landsverneplanen for helsesektoren (LVPH) har pågått sidan 2006. Avslutninga av dette arbeidet for helsesektoren sin del vart markert 16. februar 2012 ved at Riksantikvaren same dag fastsette «Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer» i medhald av kulturminnelova. Fredinga har bakgrunn i Landsverneplanen for helsesektoren (LVPH) som vart utarbeidd i samarbeid mellom Helse- og omsorgsdepartementet, dei regionale helseføretaka, Forsvarsbygg og Riksantikvaren. Formålet med prosjektet LVPH var å skaffe oversikt over og velje ut for vern eit representativt utval av byggverk og anlegg innan helsesektoren.

LVPH omfattar kulturminne knytta til heile breidda av sektoren si verksemd. Arbeidet med LVPH inngår som del av ei større tverretatleg satsing der alle statlege sektorar gjennomgår eigedomsmassen sin i samarbeid med Riksantikvaren med tanke på å kartlegge om sektorane har eigedommar som det er særleg viktig å ta vare på for framtida i form av freding eller annan vernestatus. Dette statlege fellesprosjektet har namnet «Statens kulturhistoriske eiendommer», og forkortast SKE. Føremålet er å synleggjere breidda i staten si verksemd gjennom historia.

Eigedommane som nå er freda ved forskrift representerer nasjonale verneinteresser innanfor den statlege delen av helsesektoren. Det er Riksantikvaren som er forvaltningsmyndigheit for verneinteressene knytta til dei freda eigedommane.

I tillegg til eigedommane som er freda inneheld LVPH også eigedommar som har status som verneklasse 2 (bevaring). I Kgl.res. av 15.08.06. om forvaltning av statlege kulturhistoriske eigedommar er det fastsett at det er sektoren sjølv, med Helse- og omsorgsdepartementet som øvste myndigheit, som har ansvaret for å forvalte vernet av desse eigedommane. Dette ansvaret kviler til dagleg på dei helseføretaka som eig bygningar og anlegg som er verna. Det er viktig at desse helseføretaka tek innover seg og er innforstått med ansvaret dei nå har for å forvalte statlege kulturhistoriske verdiar på ein god og framtidsretta måte.

Innan Helse Vest er dei fleste eigedommane som er underlagt vern, freda ved forskrift og dermed underlagt Riksantikvaren som forvaltningsmyndigheit. Men Helse Bergen har til dømes 12 enkeltbygg på Haukeland der eksteriør og deler av interiør er verna i verneklasse 2. Ansvar for å forvalte verneinteressene for desse eigedommane kviler då på helseføretaket sjølv og eigarlinja over. I Helse Vest har 3 av helseføretaka eigedommar som er omfatta av LVPH. Fredinga/vernet omfattar følgjande eigedommar:

Helse Førde

Førde Sentralsjukehus.

Vernet er freding og omfattar eksteriøret og park/hageanlegget i sin heilheit samt deler av interiøret i bygget frå 1979.

Psykiatrisk klinikk avd. Tronvik.

Vernet er freding av eksteriør og deler av interiør og omfattar hovudbygg, administrasjonsbygg, 2 behandlingsbygg, trafo samt park/uteområdet.

Helse Bergen

Haukeland universitetssjukehus

Vernet er freding som omfattar 1 enkeltbygg (isolat frå 1912) samt sentralkjøkken og kantine og dessutan verneklasse 2 (bevaring) som omfattar eksteriøret på til saman 12 bygningar og deler av interiøret på 7 av desse bygningane. Også deler av park-/uteområdet på Haukeland er omfatta av vern i verneklasse 2.

Kysthospitalet i Hagevik

Vernet er freding og omfattar eksteriøret på alle bygningane og mindre deler av interiøret samt park-/uteområdet i sin heilheit.

Askviknes Voksenpsykiatrisk Senter

Vernet er freding av interiør og eksteriør på gamle hovudbygget og uthuset. Uteområdet er ikkje omfatta av freding eller vern.

Helse Fonna

Stord Sjukehus

Vernet er freding og omfattar eksteriør og delvis interiør på alle bygningane frå 1970-talet og eldre, til saman 12 bygningseiningar. Dessutan er størsteparten av park-/uteområdet verna i verneklasse 2 (bevaring).

Valen Sjukehus

Vernet er freding av Valemoen (gamlebygget) og omfattar eksteriøret og deler av interiøret samt gamle brannstasjonen. Dessutan omfattar fredinga gravplassen til institusjonen. I tillegg til fredinga av Valemoen er eksteriøret på fleire andre bygningar omfatta av vern i verneklasse 2. Det same gjeld deler av sjukehusparken.

Jonatunet

Vernet er freding og omfattar eksteriøret på bygningane til institusjonen samt uteområdet. Enkelte element av interiøret er verna i verneklasse 2.

Kommentarar

Forskrifta om freding, som er fastsett i medhald av kulturminnelova, føreskriv at Helse- og omsorgsdepartementet har ansvaret for at det blir utarbeidd forvaltningsplanar for alle freda bygg og anlegg i sektoren. I føretaksprotokollane til dei regionale helseføretaka for 2010 er dette kravet vidareført i eigarlinja ved at det er stilt krav om at det skal utarbeidast forvaltningsplanar for alle bygg både i verneklasse 1 og verneklasse 2. Kravet er så vidareført til helseføretaka i styringsdokumentet for 2010.

Vidare krev forskrifta om freding at forvaltningsplanane blir førelagde Riksantikvaren før dei blir endeleg godkjende. Dette for å sikre at innhaldet i planane ivaretek føremålet med fredinga. Kgl.Res. av 15.08.06. om forvaltning av statlege kulturhistoriske eigedommar fastset nærmare krav til innhaldet i forvaltningsplanane. Ifølgje nemnde Kgl.Res. omfattar kravet til utarbeiding av forvaltningsplan også eigedommar i verneklasse 2, men desse planane skal ikkje føreleggjast for Riksantikvaren. Dersom det blir aktuelt å selja verna eigedom, skal forvaltningsplanen tinglysast som hefte på eigdommen før sal blir gjennomført.

Forvaltningsplanane skal innehalda ein fagleg forankra omtale av korleis verna eigedommar skal forvaltast, driftast og vedlikehaldast for å ta vare på verneverdiane. Dessutan bør forvaltningsplanen omtala kva for planar som eventuelt føreligg med tanke på framtidig utvikling av den freda/verna eigdommen. I nemnde Kgl.Res. er det mellom anna stilt krav om at forvaltningsplanen skal utarbeidast i samsvar med antikvariske prinsipp og innehalda ei detaljert registrering og dokumentasjon av kvar enkelt bygning, forutan ein omtale av når rett kulturminnestyremakt skal kontaktast.

Dei nemnde krava til utarbeiding og innhald i forvaltningsplan krev mellom anna at helseføretaka som eigedomsforvaltarar knyter til seg kulturhistorisk kompetanse. Forvaltningsplanar blir i samsvar med Norsk Standard sin prosedyre for forvaltning av verna eigedommar, bygde opp med utgangspunkt i ein tilstandsanalyse. Allereie her melder det seg krav til bruk av kulturminnekompetanse.

Kravet til kulturminnekompetanse har sektoren hittil løyst ved å inngå nasjonale rammeavtalar med nærmare bestemte rådgjevingsfirma med kompetanse innan bygningsvern og landskapspleie. I tillegg disponerer Helse Sør-Aust eit årsverk som er meint som ein nasjonal fellesressurs innan kulturminnekompetanse for alle helseføretaka. Dessutan har dei 4 regionale helseføretaka i samarbeid etablert eit program for personell med ansvar for eigedomsfunksjonen i helseføretak med verna eigedommar. Føremålet er skrittvis å tilføre personellet auka kompetanse og forståing for rolle og oppgåver knytt til forvaltning av verna eigedommar. I dette arbeidet har ein mellom anna samarbeidd med NTNU som har særleg kompetanse på området.

Eit spørsmål som melder seg i samband med forvaltningsplanane er kva for regime som bør leggjast til grunn med tanke på sakshandsaming og godkjenning av planane?

Helseføretaka som eig verna eigedommar har sjølv ansvaret for å utarbeida forvaltningsplanar og gjennomføre nødvendig dialog med Riksantikvaren, dersom vernet er freding. Kompetanse på eigedomsforvaltning er det helseføretaket sjølv som har og nødvendig tilleggskompetanse innan kulturminnevern vil helseføretaket innhente hos den nasjonale ressursen som er stilt til rådighet gjennom Helse Sør-Aust eller ved å gjere avrop på rammeavtalane inngått med rådgjevingsfirma. Det er derfor naturleg at helseføretaket sjølv godkjenner forvaltningsplanane ved styrebehandling etter at dei har vore førelagde for Riksantikvaren.

Sjølv om det naturlege utgangspunktet er at helseføretaket handsamar og godkjenner forvaltningsplanane, kan det reisast spørsmål om forvaltningsplanane som del av sakshandsaminga, bør bli lagt fram for det regionale helseføretaket, eventuelt også godkjennast av styret i det regionale helseføretaket?

Dette spørsmålet aktualiserer seg fordi forvaltningsplanar også har eit eigedomsfagleg perspektiv på strategisk nivå som går utover drift og vedlikehald på operasjonelt nivå. Riksantikvaren er ikraft av nasjonal vernemyndigheit rådgivar for både freda og verna eigedommar. Riksantikvaren har dessutan dispensasjonsmyndigheit i høve fredingsføresegnene.

Det er i vernemyndigheitene si interesse at eigedommane omfatta av LVPH er i bruk og til nytte i form av dagleg drift, fortinnsvis innan helsesektoren. Gjennom konstruktiv dialog med Riksantikvaren er det mogleg å oppnå tilpassingar for freda eller verna eigedommar slik at desse kan nyttast utan at bruken kjem i konflikt med vernet. Det er viktig å ha eit strategisk blikk i forvaltninga av dei freda og verna eigedommane. Sjølv om det i nåtid kan vera vanskeleg å sjå konstruktive løysingar for å nyttiggjere seg enkelte av desse eigedommane, kan det i eit langsiktig perspektiv, der helsetenesta sine behov på sikt blir vurdert, vere rom for å tilpasse og bruke eigedommane. Helse Vest har allereie erfart at det er etterspørsel etter attraktive eigedommar, til dømes til bustadutvikling. Tomtearealet rundt den freda bygningen frå 1899 på Askviknes i Os kommune, som opprinneleg er bygd av omstreifarmisjonen for å ta hand om omstreifarbar, er eit døme på slik etterspørsel. Når ein skal vurdere framtidig disponering

av slike eigedommar, er det viktig at dette også skjer med eit strategisk blikk i høve helsetenesta sine behov i framtida.

Det er også grunn til å peike på at verneoppgåvene i gitte situasjonar kan bli så omfattande for helseføretaket at det utfordrar den budsjettmessige situasjonen på særleg måte. Dette er konsekvensar som bør kome til uttrykk på fagleg begrunna måte i forvaltningsplanen og som det regionale helseføretaket bør kjenne til.

Konklusjon

Med bakgrunn i dei budsjettmessige konsekvensane som i særlege høve kan oppstå og den strategiske sida ved dei eigedomsfaglege vurderingane som må gjerast i samband med utarbeiding av forvaltningsplanar, bør helseføretaka sine planar også føreleggjast for det regionale helseføretaket. Styret i det regionale helseføretaket kan på denne måten gjere seg kjend med korleis helseføretaket vil forvalte sine fredda og verna eigedommar og spesielt vurdere og ta standpunkt til den strategiske og framtidsretta utviklinga av desse eigedommane. På denne bakgrunn føreslår administrerande direktør at forvaltningsplanane for verna eigedommar blir lagde fram for styret i det regionale helseføretaket for endeleg godkjenning.